


# Frivilligmelding 2017

 Meland kommune



1	Innleiing	3
2	Bakgrunn for ei frivilligmelding	3
3	Overordna føringar og målsettingar	4
4	Frivilligheita i Meland – Kartlegging	4
4.1	Organisasjonar i Meland	4
4.2	Betalande medlemmer	5
4.3	Aldersfordeling	5
4.4	Lokalitetar og anlegg	6
4.5	Skulekrinsar	6
4.6	Når føregår aktivitetane	7
4.7	Kven er aktiviteten retta mot	7
4.8	Kvar hentar laga inntektene	8
4.9	Framtids planar	8
4.10	Utfordringar	9
4.11	Kven har laga samarbeidd med	9
4.12	Kven ønskjer laga å samarbeide med	10
4.13	Forventningar til kommunen	10
5	Intern kartlegging	11
5.1	Samarbeid	11
5.2	Kva gjer frivillige organisasjonar og personar for dei ulike tenestene	14
5.3	Økonomi	14
6.	Nye arenaer for frivillig innsatsi Meland	14
6.1	Ganglaje	15
6,2	Flyktingefadder	15
6.3	Sommaraktivitetar for barn i Meland	15
6.4	Besøkstenesta	15
6.5	Meland idrettsråd – Inkluderingsansvarleg i ditt lag?	15
6.6	Frivillig utan å vera medlem i ein organisasjon	15
7.	Korleis kan kommunen styrke arbeidet med å auke frivilligheita?	16
7.1	Meland Frivilligsentral	16
7.2	Frivilligforum	16
7.3	Samarbeidsavtalar med kommunen	17
8.	Samarbeid kommune frivillighet	17
8.1	Tilskotsmidlar	17
8.2	Grasrot andelen / Lotteritilsynet	17
8.3	Møteplassar	18
	Oversikt organisasjonar i Meland og Nordhordland	19

## 1. Innleiing

Meland kommune sin visjon er «Eit samfunn for alle». Vi skal strekkje oss etter å være ein kommune der innbyggjarane kjenner seg trygge, tek ansvar for eiga helse og for utviklinga av lokalsamfunnet.

Frivillig innsats og engasjement i alt sitt mangfald fremmar folkehelsa, byggjer stadidentitet og er limet i samfunnet vårt. Det er mange gode grunnar til å løfte fram denne samfunnssektoren slik denne meldinga er eit bidrag til.

Styret i Meland frivilligsentral tok i 2014 initiativ til å få laga ei frivilligmelding for Meland. Saka vart handsama i Utval for levekår 3/6 2014. Det blei vedteke å iverksetja oppstart av frivilligmelding i Meland.


I meldinga set vi fokus på den frivillige sektor i Meland:

- \* Kartleggjer lag og organisasjonar i Meland – kva fins i Meland?
- \* Invitere til samarbeid der veien blir til mens vi går.
- \* Legge føringar for kva frivillig sektor kan forvente av samarbeid med kommunen.

## 2. Bakgrunn for ei Frivilligmelding:

Dei siste åra er det sett større fokus på det offentlege sitt forhold til frivilligheita. Organiserte og uorganiserte frivillige blir sett på som viktige bidragsytarar på fleire samfunnsfelt og kommunen si samhandling med frivillig sektor blir stadig meir aktuelt.

I avtalen mellom Frivillighet Norge og KS er det sett fokus på ønske om betre samhandling mellom sektorane for å tilrettelegge for den ressursen dei frivillige utgjør – og for å styrke relasjonen mellom den offentlege og frivillige sektoren i Norge.



Politikarane i Meland kommune og styret i Meland frivilligsentral ønskjer å løfte fram dei frivillige i Meland, synleggjere den innsatsen dei gjer og trekkje nokon linjar framover.

Frivilligmeldinga i Meland har følgjande mandat:

- \* Gje oss ei oversikt over organisasjonar, lag og andre typar frivilligheit i Meland.
  - \* Kartlegge arbeidet frivillige lag, organsiasjonar og enkeltpersonar legg ned i dei ulike samfunnssektorane.
- \* Synleggjere nye arenaer for frivillig innsats
  - \* Trekke opp liner for korleis kommunen kan styrke arbeidet med å auke frivilligheita
  - \* Tydeleggjere kva frivillig sektor kan forvente i samarbeid med kommunen og korleis dette samabeidet kan utviklast.

### 3. Overordna føringar og målsettingar

Prinsippa og måla som ligg til grunn for denne meldinga er formulert og stadfesta gjennom Stortingsmeldingar, samarbeidsavtale mellom Frivillighet Norge og Ks og Regjeringa si Frivillighetserklæring.

Plattformen for samarbeid som er utarbeidd av Frivillighet Norge og Ks kastar lys på viktige overordna prinsipp som skal ligge til grunn for samhandling med frivillighet.

Prinsippa omhandlar frivillig sektor si rolle som

- Sjølvstendig sektor
- Demokrati byggjar
- Døropnar inn i demokratiet for interessegrupper og engasjerte borgarar
- Skaper møteplasser mellom mennesker og aukar samfunnets sosiale kapital
- Ein verdiskapar i seg sjølv.
- Vidare skal frivillig sektor supplere ikkje erstatte offentlege tenester
- Det offentlege skal tilrettelegge og gje gode vilkår for ein aktiv og veksande frivillig sektor.

### 4. Frivilligheita i Meland

«Kjenn frivilligheten i kommune din» det første bud i «De ti frivillighetspolitiske bud»



#### Frivillige lag, organisasjonar i Meland

Frivilligsentralen har sendt ut spørreskjema til alle lag og organisasjonar i Meland som er registrert i Frivilligsentralen sitt

register. Det blei også sendt ut spørreskjema til organisasjonar som dekker regionen Nordhordland og som har registrerte medlemmer frå Meland.

Spørsmåla handla om kontaktinformasjon, medlemmer, type aktivitet, lokalitet, samarbeid med andre, utfordringar og planar framover.

Det blei sendt ut 147 spørreskjema til ulike lag og organisasjonar i Meland og Nordhordland. 84 organisasjonar har svart.

#### 4.1 Organisasjonar i Meland:

I Meland har vi eit rikt og mangfoldig organisasjonsliv. Tilsaman har vi 128 registrerte organisasjonar. Med registrerte organisasjonar meiner vi dei som er meldt inn til Frivilligsentralen, er registrert i Frivilligregisteret eller har søkt kulturmidlar dei siste 3 åra. Av dei registrerte organisasjonane har 84 svart på spørreskjemaet.

Organisasjonane er delt inn etter tema. Sjølv om fleire organisasjonar kan gå inn under meir enn ein kategori har vi valgt å dele dei inn slik:

- Idrett og trening
- Fritid
- Interesseorganisasjonar
- Internasjonalt
- Omsorg og helse
- Musikk
- Livssyn
- Vel-, grenda og ungdomslag
- Kultur og tradisjon
- Anna

#### 4.2 Betalende medlemmer:

Ikkje alle organisasjonane har betalende medlemmer. Døme på organisasjonar som ikkje har betalende medlemmer er: enkelte menigheter, Idrettsråd, enkelte interesseorganisasjonar. Av dei som har oppgitt antal betalende medlemmer i sin organisasjon – er det totale antalet i Meland **8943**.


#### 4.3 Aldersfordeling:



0-12 år : 33    13-19 år: 43    20-35 år: 57    36-49 år: 65    50+: 70 (alle tala under figurane er antal svar på dei ulike kategoriane)

Organisasjonane blei spurt om korleis medlemmene i organisasjonen fordelte seg i ulike aldersgrupper. Her kunne organisasjonane krysse ut fleire boksar.


#### 4.4 Kva lokalitetar/anlegg nyttar laget:



*Eige hus: 28    Leiger: 22    Idrettsplass/aktivitetsplass: 11    anna: 42*

Her ser vi at mange har kryssa av for anna. Dette er organisasjonar som til dømes interesseorganisasjonar som har sjeldne møter. Desse møta blir halde heime hos medlemmer. Organisasjonar der aktiviteten føregår ute og aktivitetar som føregår på ulike stader har også kryssa av for «anna».

#### 4.5 Kva skulekrins foregår aktiviteten i:



*Rosslund: 33    Vestbygd: 32    Sagstad: 57    Grasdalen: 37*

Her har organisasjonane kunna kryssa av i fleire boksar. Det er fordi ein del organisasjonar har aktivitetar rundt om i heile kommunen, eller i fleire enn ein skulekrins.

#### 4.6 Når føregår aktivitetane:



*Fleire gonger i veka: 29      Ein gong i veka: 26      Ein eller to gonger i månaden: 24  
Sjeldnare: 21*

Organisasjonane har kunne krysse av i fleire boksar. Ein del organisasjonar har fleire typar aktivitetar som føregår til ulike tider.


#### 4.7 Kven er aktiviteten retta mot:



*Barn: 27      Ungdom: 29      Vaksne: 32      Eldre: 13      Alle: 48*

Ein del organisasjonar har aktivitetar som er retta mot fleire aldersgrupper. Til dømes vil nokre idrettsorganisasjonar oppgje at dei har aktivitetar som er retta mot alle, medan eit barnekor vil svare at aktiviteten er retta mot barn.

#### 4.8 Kvar hentar laget inntektene frå:



Medlemskontigent: 73      Gåver: 34      Tilskot frå paraplyorg.: 24      Spelemidlar: 23  
Tilskot frå kommunen: 47      Tilskot frå fylket: 13      Anna: 39

Dei fleste organisasjonane hentar inntektene sine frå fleire enn ei kjelde.

#### 4.9 Har de konkrete planar som de ønskjer å gjennomføra?

51 av organisasjonane svara at dei hadde konkrete planar som dei ville gjennomføra.

Ein del handla om vedlikehald og drift/vidareutvikling av område:

- \* Fullføre lekeplass og felleområde som er i grendalaget område.
- \* Vi ønskjer å oppruste på aktivitetsområdet rundt ballbingen. Har visjoner om en skatebane.
- \* Utvide treningsområde.
- \* Tenkte å lage til i den nye kjellerstuen vår.
- \* Bygge ferdig ny stor bane, garderobe/toalett.

Andre hadde konkrete planar om nye aktivitetar:


- \* Et samlingssted/ungdomskafe for ungdom i bygda (8.kl – 18 år).
- \* Starte nye grupper.
- \* Starta eit nytt ungdomskor.
- \* Tuftepark - apparater for egentrening for store og små.
- \* Lage bok.

Andre svar:

- \* Opprusting rundt Skjelanger fyrstasjon, oppgradering av Risørskøyten Lenda.
- \* Åpen gård, diverse kurs.
- \* Jobbar med aktuelle tilbod til demente og deira pårørande.
- \* Konsertar.
- \* Videreføre de aktivitetene vi har.




#### 4.10 Har de utfordringar?



*Fråfall: 14    Vanskar med å få folk til styreverv: 23    Rekruttering: 31*  
*Manglar lokale: 12    Andre: 17*

Dei fleste svara på spørsmålet om utfordringar – også her hadde organisasjonane høve til å krysse av i fleire boksar. 16 organisasjonar har kryssa av i boksen «anna». For fleire er det ei utfordring å få frivillige til å hjelpe til eller til å leie aktivitetane til laget. Det blir også nemnd mangel på lagringsplass og ein organisasjon synes det er ei utfordring å få til eit samarbeid med kommunen.


#### 4.11 Kva andre aktørar har laget hatt samarbeid med dei to siste åra?



*Andre frivillige lag: 44    Skule/barnehage: 18    Meland kommune: 41    Andre kommunar: 10*  
*Andre: 16*

63 organisasjonar har svart på spørsmålet om kven dei har samarbeidd med.

#### 4.12 Ønsker de meir samarbeid med:



Over 50 % av laga har svart at dei ønsker å samarbeide med andre.

#### 4.13 Har de forventningar til kommunen som de ønsker å få fram?

Svara på dette spørsmålet kan vi dele inn i desse tema - kommunen som medspelar, hjelp til drift og vedlikehald, økonomi og å bli sett av kommunen. Eksempel på svar:

##### **Kommunen ein medspelar:**

«Spre informasjon om tilbudet til innbyggjarar. Gjerne om mogelegheita til å bidra frivillig også.»

«Fortsette å støtte opp om tiltak for denne aldersgruppa, da det mangler et fritidstilbud utover idrett og kultur.»

«Vil gjerne ha større mulighet til å kommunisere tilbudet ut til aktuelle deltagere»

##### **Hjelp til drift og vedlikehald:**

«Fortsette med å prioritere idretten og frivillig arbeid. Gode, forutsigbare avtaler til drift og vedlikehold av baner og anlegg»

«Støtte i form av midler til drift og prosjekter»

«Støtte til etablering av lekeplass innvilget. Vi er glad for det. Ønsker at kommunen prioriterer utbedring av veisikkerhet i nærområdet. Ved overgang til Torvvegen er det 50-sone og ingen overgangsfelt. Flere farlige situasjonar.»

«Vi ønsker at kommunen skal oveta driften av gatelys «.

##### **Økonomisk støtte:**

«Kulturmidlane er viktige for å ta vare på bygdehuset»

«Pengestønad»

«Støtte i form av midler til drift og prosjekter»

«Mer penger»

##### **Ønsker å bli sett og anerkjent av kommunen:**

«At kommunen kjenner til organisasjonen, hvor, hva og når vi kan bidra»

«Mer interesse fra de politiske partiene for hva som skjer rundt i lagene. Mer interesse fra de som sitter høyest oppe i kommunen. Ta en tur innom, vise seg.... Hjelper ikke med masse skryt i forbifarten i en gang, men null interesse for å se hva som faktisk skjer»

«hjelp til å vise at vi finnes»

«Hjelp til å marknadsføre tilbudet og framsnakking. Bruke koret i ulike sammenhengar. Koret heldt eit høgt nivå og har eit allsidig repetouar og kan brukast i representasjon osv»

#### **Til slutt:**

«At kommunen legger mer vekt på universell utforming og likeverdig samfunn».

«Fortsette å være en tilrettelegger»

«Enklere å gjøre mindre byggetiltak på friområdet»

«Ønsker at teknisk etat kan bidra med fysisk arbeid, f.eks. graving, transport mm»

«Nei»

## **5. Intern kartlegging**

Den frivillige sektoren i Meland representerer ulike samfunnssektorer og interesser.

Frivilligsentralen har gjennomført ei intern undersøkning i Meland for å få ein oversikt over samhandlinga mellom offentleg og frivillig sektor. Eit spørjeskjema er blitt sendt ut til nøkkelpersonar i ulike tenester. 12 personar har svart frå desse tenestene:

Skule – 2 svar

Barnehage – 2 svar

Heimetenesta – 1 svar

Koordinerande eining – 1 svar

NAV Meland – 2 svar

Kulturtenesta – 2 svar

Psykisk helse og rustenesta – 1 svar

Plan utbygging og kommunalteknikk – 1 svar

### **5.1 Samarbeid**

Her svara ni at dei har eit samarbeid med frivillige medan tre svara nei.


Dei to barnehagane oppgjev at dei ikkje har samarbeid med frivillige. Dette gjeld også Nav Meland sosiale tenester.

Dei som svara ja har samarbeidd med desse:

Diverse medlemsorganisasjonar, kontakt med enkeltpersonar og organisasjonar gjennom Frivilligsentralen, idrettslag, vellag, grendalag, ungdomslag, interesseorganisasjonar. Nordhordland padleklubb, Rosslund skulekorps, Nordre Holsnøy IL, Idrettskretsen i Hordaland, Meland Aktiv, Nordhordland ballklubb, Røde Kors, Mental helse, Meland bondelag, Nordhordland skogeigarlag, Lindås og Meland sau og geit, Bonde og småbrukarlaget, Barnevakten, Fau.

Dei som har kontakt med frivillig sektor oppgir gjerne fleire samarbeidsformer.

## Samarbeidsformer



Omfanget av samarbeidet varierer frå:

- ei til fleire gonger i veka – 2
- ein til fleire gonger i månaden – 3
- årleg – 1
- kan ikkje sei kor ofte, men veit det er ein del kontakt – 2
- har ikkje kontakt – 3

## Kven i avdelinga samarbeider med frivillige?



På spørsmål om dei opplever at fagavdelinga får anerkjennelse for samarbeidet med frivillige var alle svara positive.

Som svara syner er det samarbeid mellom frivillig sektor og ulike fagavdelingar i kommunen. Det er då naturleg å spørje om dei ønskjer auka samarbeid med frivillige, og i så fall kva?:

- Arrangement for brukarar / kunder (til dømes 17.mai, jul, blåturar osv) – 4

- Praktisk bistand utover kjernetilbod (til dømes besøksteneste, følgeteneste) - 2
- Frivillige som interesse og brukarrepresentantar (til dømes FAU, Vellag, pasientforeningar) -3
- Periodevise praktiske dugnader (til dømes opprustning, opprydding) – 1
- Anna – 2

Seks svara på kva fagområde dei ønska meir samarbeid:

- Fritidstilbod for unge, besøksteneste til eldre, brukerorganisasjonar i utvikling av tjenester.
- Eit breitt område, sidan biblioteket skal ha tilbod til alle brukargrupper og i prinsippet dekkje alle interesseområder.
- Fortsette samarbeidet vi har gjennom frivillighetssentralen.
- Fagutvikling og deltagelse i sosialt arbeid.
- Landbruk.
- I valfaget "innsats for andre" har elevane gjennomført arrangement på sjukeheimen og med barnehagen.
- Gymnastikk og samfunnsfag.

To svara nei og åtte ja på om det er konkrete frivillige lag og organisasjonar dei trur deira fagområde eller fagavdeling kunne tenke seg å inngå samarbeidsavtale / samarbeide med. Seks gav konkrete eksempel:

- Dei fleste
- Røde Kors, Norsk Folkehjelp
- Fortsatt samarbeid med Mental helse. Mogeleg besøktenesta.
- Landbruksrelaterte organisasjoner
- Eit framtidig kulturråd.
- Mogeleg med ungdomsskubb i kommunen?

Det kan vera mange positive grunnar til å samarbeide med frivillig sektor, og det kan vera negative. På spørsmål om kva dei meiner kan beskrive det positive med å samarbeide med frivillige:

- Entusiasme -2
- Nye idear / nytt perspektiv - 9
- Får gjort meir enn vi elles ville ha gjort - 3
- Breiare kontaktflate med samfunnet omkring - 6
- Involverer pårørande / foreldre - 1
- Skaper engasjement - 2
- Skaper arrangement og hendingar som elles ikkje ville ha skjedd - 7

Det negative med å samarbeid med frivillige:

- Kostar pengar å samarbeide med frivillige - 1
- Dårligare utført arbeid - 1
- Tar tid frå kjerneoppgåvene - 4
- Aukar slitasje på lokala - 1
- For mange å forhalde seg til for bebuarar/brukarar/elevlar – 2
- Plassmangel - 1
- Kvalitetssikring tek mykje tid - "vinninga opp i spinninga" - 1
- Kan vera konkurransevridende: Frivillige tek jobbar frå profesjonelle aktørar – 1
- Andre – 3

Åtte av fagavdelingane svara at dei ikkje møtte andre typar utfordringar i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, medan tre svar ja. Desse utfordringane var taushetsplikt, tid til å følgje opp og formelle krav til kompetanse.

Seks kryssa av for påstandar som stemmer med kvardagen deira om deira avdeling skal samarbeide med, eller halde fram å samarbeide med frivillige:

- Vi treng ekstra ressurser, motivasjon og tilrettelegging - 4
- Vi treng større fasilitetar for å kunne samarbeide meir med frivillige - 1
- Vi treng å motivere og gjera dei ansatte trygge før vi kan samarbeide meir med frivillige - 2
- Vi treng avklaring med fagforening / tillitsvalgte -1
- Vi treng aksept i kommunens ledelse, både administrativt og politisk - 1

## 5.2 Kva gjer frivillige organisasjonar og personar for dei ulike tenestene?

Her svara dei ni tenestene som samarbeider med frivillige:

- lagar arrangement – 7
- driv sosialt arbeid- 6
- utviklingspartner – 4
- politisk arbeid / set dagsorden – 2
- områdeutvikling – 3
- Brukarkontakt – 3
- opprusting – 1
- drift – 1

## 5.3 Økonomiske relasjonar

På spørsmål om kva slags økonomiske relasjonar det er mellom ditt ansvarsområde og frivillige lag og organisasjonar i kommunen, har ni svart slik:

- kommunalt tilskot til generell drift – 2
- kommunalt tilskot til spesifikke aktivitetar - 3
- ingen økonomisk relasjon – 5

Om dei dekker kostnader eller på anna måte betaler for frivillig innsats har seks svara nei og fire ja. Dei fire som har svara ja blei bedt om å gje eit anslag på kor mykje eininga bruker totalt årleg på frivillige. Dei svara slik:

- lån av lokale
- 10 000,-
- Dekker kostnader via eksterne tilskot eller eigne midlar, som til dømes friluftslivsprosjekt og sommaraktivitetar for barn.
- FAU/foreldre og skule samarbeidar om arrangement der vi delar på kostnadene. FAU "sponser" skulen med t.d. midlar til føredragshaldarar til kveldsskule.

## 6. Nye arenaer for frivillig innsats i Meland

I rapporten «Frå folkebevegelse til filantropi» konkluderar forskarane Dag Wollebæk og Karl Henrik Sivesind med at det skjer omfattende endringer, både i omfang, form og innhald i høve frivilligheita.

Spørjeundersøkinga til lag og organisasjonar i Meland syner at hovedutfordringane blant anna er å rekruttere nye medlemmer og å få folk til styreverv. Samstundes syner svara at det er vilje til å tenkje nytt gjennom samarbeid. Dei fleste ønskjer å samarbeid med andre organisasjonar eller kommunen, og svara frå fagavdelingane i kommunen syner interesse for samarbeid.

I Meland har vi fleire eksempel på ny arenaer for frivillig innsats der samarbeid og integrering er viktige faktorar.

### **6.1 Ganglaje**

Eit samarbeid mellom Meland revmatikarlag, Meland helselag, LHL og Frivilligsentralen.

Ganglaje er ei turgruppe som har turar med turleiar i Meland kvar onsdag. Deltakarne treng ikkje vera medlem for å delta.

### **6.2 Flyktningefadder**

Eit tilbod som er organisert gjennom Frivilligsentralen i samarbeid med flyktningetenesta i NAV.

Flyktningefadder ordninga er eit tidsavgrensa og klart definert oppdrag som går ut på å vera tilgjengeleg for ein flyktning i 2 -3 månader og gjera dei kjent i lokalmiljøet. Konkrete og praktiske oppgåver som å visa kvar ulike tenester og tilbod er lokalisert, korleis kjøpe busskort og å invitere dei heim. Det er opp til kvar enkelt fadder kor lenge dei ønskjer å vera engasjert.

### **6.3 Sommaraktivitetar for barn i Meland**

Eit samarbeid mellom organisasjonar i Meland og Frivilligsentralen.

Sommaraktivitetar er eit tilbod som går ut til alle barn på barnetrinnet i grunnskulen i Meland kommune. Ved å tilby ulike typar aktivitetar i regi av organisasjonar i Meland, når og inspirerer ein barn i Meland til å delta på viktige sosiale arenaer. Målet er å senke tersklar for sosial inkludering for barn som opplever barnefattigdom, psykisk sjukdom og rus i familien og flyktningbarn.

Frivilligsentralen har ansvar for program, koordinering og gjennomføring.

### **6.4 Besøkstenesta i Meland**

Er eit samarbeid mellom Nordhordland Røde Kors omsorg, Frivilligsentralen og Melandkyrkja. Ei ressursgruppe koordinerer og følg opp besøksvenene, tilbyr kurs i regi av Nordhordland Røde kors omsorg, fordeler oppdrag og kallar inn til sosiale samlingar.

Frivilligsentralen følgjer opp besøkstenesta og legg til rette for at dei skal kunne driva aktiviteten.

### **6.5 Meland Idrettsråd – inkluderingsansvarleg**

Meland Idrettsråd har teke initiativ til at idrettslaga i Meland skal ha ein eller fleire

integreringsansvarlege i kvar klubb overfor personar og grupper med særlege behov. Slik ønskjer Meland Idrettsråd å bidra til betre folkehelse og betre sosialt miljø og legge til rette for å inkludere grupper som tradisjonelt har felle utanfor organiserte aktivitetar.

### **6.6 Frivillig utan å vera medlem i ein organisasjon**

Lag og organisasjonar i Meland har samla fleire tusen medlemmer. Mange av desse engasjerer seg i aktivitetar som ikkje er medlemsbasert, saman med personar som ikkje deltek i frivillige organisasjonar. Ein del av desse aktivitetane skjer gjennom Meland Frivilligsentral.

\* Internasjonal kafe.

- \* Matkurs.
- \* Svømmekurs.
- \* Leksehjelp for flyktingar.

Meland er busetjingskommune for flyktingar. Mange frivillige Melandsbuar har engasjert seg som frivillig i møtet med flyktingane. Dei har gjort ein god jobb som ambassadørar for det frivillige Meland. Fleire flyktingar har engasjert seg som frivillig blant anna gjennom prosjekt som:

- flyktingefadderordninga
- Sommaraktivitetar for barn
- Internasjonal kafe
- Besøkstenesta
- Svømmekurs

Nokon aktivitetar blir organisert gjennom sosiale medier som Facebook. I Meland har vi «Opptur Meland» som er ei Facebookgruppe for folk som vil vera med på springe turar i terrenget i og rundt Meland.

**Mål** Det skal vera rom for frivilligheita si eigenutvikling i Meland

## 7. Korleis kan kommunen styrke arbeidet med å auke frivilligheita:

### «Frivilligheita lever av lyst – og dør av tvang»

I intensjonserklæringa frå regjeringa blir det understreka at det er eit ønskje at det offentlege og frivillig sektor skal finne gode samarbeidsformer der frivilligheita si eigenverdi blir anerkjent.

I spørjeundersøkinga ser vi at fleire organisasjonar svarar at dei samarbeider, har samarbeidd med eller ønskjer meir samarbeid med Meland kommune.

#### 7.1 Meland Frivilligsentral

Meland frivilligsentral er ein kommunal eigd sentral som er lokalisert under tenesteområde kultur. Frivilligsentralen har eige styre der representantar frå eigar og frivillige organisasjonar er representert. Frivilligsentralen sine vedtekter seier at sentralen skal vera:

- Ein pådrivar og tilretteleggjar for frivillig arbeid.
- Ein ressursentral for frivillig arbeid i Meland.
- Synleggjere eksisterande frivillig arbeid.
- Bidra til auka samarbeid mellom ulike frivillige organisasjonar og grupper.
- Stimulere frivillige til å melde nye behov til frivilligsentralen og offentlege etatar.
- Vere ein møteplass for organiserte og uorganiserte frivillige.

Meland Frivilligsentral er open for alle frivillige, lag og organisasjonar i Meland, og skal utviklast av dei menneska/organisasjonane som er knytte til sentralen.

#### 7.2 Frivilligforum

To gonger i året inviterer tenesteområde kultur og Frivilligsentralen alle lag og organisasjonar i Meland til Frivilligforum,- som er ein møteplass der ulike tema som angår både dei frivillige laga og



kommunen som organisasjon blir drøfta.

Gjennom frivilligforum hentar kommunen og organisasjonane inn kunnskap om dei frivillige organisasjonane, kva vi driv med, utfordringar vi har og om ønskje om samarbeid.

Frivilligforum har eit potensiale for å skape ein nær og god dialog med frivilligheita. Utfordringa er å nå ut til alle, og å få fleire til å sjå eigennyttan i å møte i Frivilligforumet.

### 7.3 Samarbeidsavtaler med kommunen

#### «Forutsigbare rammer skaper berekraftig drift og utvikling i frivilligheten»

Kommunen vil jobbe for at frivilligheita skal ha forutsigbare rammer ved bl.a. å yte økonomisk støtte gjennom til dømes kulturmidlar, stille lokaler og møteplassar til disposisjon og sørge for at organisasjonane får kontakt og høve til å spreie informasjon via kommunen og ut til målgrupper.

**Mål** Meland kommune vil styrke samarbeidet med frivillig sektor og legg vekt på å tilrettelegge for sektorens eigenutvikling og eigenverdi.

Frivilligsentralen skal vera ein ressurs for frivillige, lag og organisasjonar i Meland

Frivilligforum skal vera ein møteplass for alle frivillige og lag og organisasjonar i Meland.

Kommunen vil legge til rette for at kommunen og frivillige organisasjonar kan inngå samarbeidsavtalar.

## 8. Kva kan frivillig sektor forvente i samarbeid med kommunen og korleis kan dette samarbeidet utviklast

### «Skap dialog med frivilligheita» det sjette bud i «De ti frivillighetspolitiske bud»

Ei av kommune og frivillig sektor sine hovudutfordringar er å nå fram med informasjon. Ved å skape møteplassar der partane møtes vil ein skape dialog og legge premissane for samarbeid.

Ved å yte tilskot som til dømes kulturmidlar er kommunen med å legge til rette for at frivilligheita kan vekse og utvikle seg på eigne premisser.

#### 8.1 Tilskotsmidlar

Meland kommune har ulike ordningar for støtte til frivillige lag og organisasjonar og deler kvart år ut midlar etter søknad frå lokale lag og foreningar

- |   |   |   |
|---|---|---|
| - | Ålmenne kulturmidlar  | tenesteområde Kultur                    |
| - | Tilskot til kulturminnevern   | tenesteområde Kultur                    |
| - | Mindre tilskot heile året   | tenesteområde Kultur                    |
| - | Spelemidlar   | tenesteområde Kultur                    |
| - | Tilskot til integrering av flyktningar                                      | tenesteområde Kultur/Frivilligsentralen |
| - | Tilskot for styrkja folkehelse og tilbod for born med nedsett funksjonsevne | Rådgjevar Helge Kvam                    |
| - | Tilskot til drift av idrettsanlegg  | tenesteområde kultur                    |

#### 8.2 Grasrot andelen / Lotteritilsynet

Lotteritilsynet frivillighet har ansvar for fordeling av momskompensasjon til frivillige lag og organisasjonar og tilsyn med Grasrotandelen. For å kunne få delta i denne ordninga må organisasjonen melde seg inn i Frivilligregisteret i Brønnøysund og få eit organisasjonsnummer. Mange tilskotsordningar krev at organisasjonen skal ha eit organisasjonsnummer for å vera

kvalifisert til å søkja på tilskotet. Til dømes gjensidige stiftelsen og Nasjonal tilskuddsordning mot barnefattigdom.

Frivilligsentralen hjelper lag og organisasjonar med å finne fram til ulike tilskotordningar og assisterer dei i søknadsprosessar om midlar.

### **8.3 Møteplassar**

Meland kommune legg til rette for møteplassar mellom kommunal og frivillig sektor. Gjennom ulike råd der frivilligheita er representert:

Meland Idrettsråd

Råd for mennesker med nedsett funksjonsevne

Eldrerådet

Den kommunale frivilligsentralen skal vera ein ressurs for frivillige, lag og organisasjonar i Meland kommune.

Det kan vera ei utfordring for frivillige å nå fram til rette målgruppe med tilboda sine. Like eins kan det vera utfordrande for tenesteområda å ha oversikt over aktivitetar. Frivilligsentralen koordinerar og kallar inn til møte i ei knutepunktsguppe der fleire tenesteområde er presentert. Gjennom denne gruppa kan informasjon bli utveksla og vidareformidla.

Frivilligforum er ein møteplass for frivillige organisasjonar og tenesteområdet kultur. I Forumet blir det sett lys på ulike tema som angår frivillig sektor. Organisasjonane og ulike frivillige prosjekt får presentere seg for kvarandre i forumet. Ulike typar for samarbeid mellom organisasjonane har oppstått her.

**Mål** Meland kommune skal leggja til rette for god dialog med frivilligheita  
Meland kommune vil jobba for auka tilskot til frivilligheita  
Meland kommune anerkjenner frivilligheita si eigenverdi

Oversikt over lag og organisasjoner i Meland.

Det er registrert fleire Nordhordland organisasjoner enn det som er ført opp i lista. Dei som ikkje har registrert medlemmer frå Meland og dei som ikkje har vore mogleg å få kontakt med, er ikkje med på lista.

Organisasjonar i Meland	Svart på spørjeskjema:	Kommentar:
Austblæsa hesteskokastar klubb	Ja	
Austebygd fritidspark	Ja	
Beitingen grendalag	Ja	
Besøkstenesta i Meland	Ja	
CISV Nordhordland	Ja	
Dalemarka Velforening	Nei	
Den norske fjordbåtforening	Ja	
Elvavegen Vel	Nei	ikkje aktive
Felix Vokalis	Ja	
Flatøy bygdelag	Ja	
Flatøy paintball	Nei	
Flatøy Rock	Nei	ikkje aktive
Fløksand Grendalag	Nei	
Frekhaug Indremisjon	Ja	
Frekhaug Soul Children	Nei	
Frekhaug Volleyball klubb	Ja	
Frekhaugmarka Vel	Ja	
Hammaren Vel	Nei	ikkje aktive
Hansavika båtlag	Ja	
Heiane Vel	Nei	
HLF Nordhordland	Ja	
Holmemarka velforening	Ja	
Holsbergstien Velforening	Ja	
Holsnøy kystlag	Ja	
Hordaland bondelag	Nei	
Humanetisk forbund Nordhordland	Nei	
Husebøkrinsen bygdelag	Nei	
Huskirken Nordhordland	Ja	
IL Kvernbit	Ja	
Jonsokgrenda Vel	Nei	
Kystsogevekene i Meland	Ja	
Kreftforeningen i Nordhordland	Ja	
Kårbøvågen bygdelag	Ja	
Larm toraderklubb	Nei	
Levande lys	Nei	
LHL Meland	Nei	
Litlebergen båtforening	Ja	
Lonerenen Velforening	Ja	
Markaveien borettslag	Nei	ikkje aktuelt å svare

Meieriklubben Rossland	Nei	ikkje aktive
Meland Golfklubb	Ja	
Meland Idrettsråd	Ja	
Meland kjøre og rideklubb	Nei	
Meland kyrkjelyd	Ja	
Meland lokallag av Norsk Forbund for Utviklingshemma	Ja	
Meland Motorsport	Ja	
Meland Musikklag	Ja	
Meland Mållag	Ja	
Meland Pensjonistkor	Ja	
Meland Revmatikarlag	Ja	
Meland Ride og kjøre klubb	Nei	
Meland Seniordans	Ja	
Meland Skyttarlag	Ja	
Meland Sogelag	Ja	
Melandsbygda Vel	Ja	
Melandsknekten bridgeklubb	Ja	
Melandsrevyen	Ja	
Mental Helse Meland	Ja	
Mjukebakkane Velforening	Ja	
Midtre Holsnøy grunneigarlag	Ja	
Mjåtveitelvens forening	Ja	
Mjåtveitmarka Vel	Nei	ikkje aktive
Moldekleivmarka Vel	Ja	
Mongsedalen Velforening	Nei	
Musikkens venner Nordhordland	Ja	
Myrtveit bygdehus	Ja	
Nasjonalforeningen for folkehelsen - Meland	Ja	
Nordhordland Bokseklubb	Nei	
Nordhordaland Countryklubb	Nei	Kan ikkje svare
Nordhordland Dykkerklubb	Ja	
Nordhordaland Forsvarsforening	Nei	
Nordhordland Fotoklubb	Nei	
Nordhordaland Frie Vikinger	Nei	
Nordhordland Handikapforbund	Ja	
Nordhordaland Handverk- og industrilag	Nei	
Nordhordland Hesteskokastarlag	Ja	
Nordhordland Hundeklubb	Ja	
Nordhordaland Husflidlag	Ja	
Nordhordland Indremisjon	Nei	
Nordhordaland Jakt- og fiskelag	Nei	
Nordhordland karatelay	Nei	

Nordhordaland Kunstlag	Ja	
Nordhordland MC Ravn	Ja	
Nordhordland Padleklubb	Ja	
Nordhordaland Redd Barna	Nei	
Nordhordland Rotary	Nei	
Nordhodland Røde Kors	Ja	
Nordhordaland Seilforening	Ja	
Nordhordland Skeiseklubb	Nei	
Nordhordland Skiklubb	Nei	
Nordhordaland Skogeigarlag	Ja	
Nordhordaland Spel- og danselag	Nei	
Nordhordaland Styrkeløftklubb	Ja	
Nordhordland sykkelklubb	Ja	
Nordhordaland Tempo- klubb	Ja	
Nordhordaland Tråvlag	Nei	
Nordhordland Turlag	Nei	
Nordhordland Veteranbåtlag	Ja	
Nordre Austebygd Velforening	Nei	
Nordre Holsnøy IL	Ja	
Norges Handikapforbund Meland	Ja	
Norkirken Nordhordland	Nei	
Octavia	Ja	
Orrhøyen Vel	Nei	
Paktarmyrhaugen Vel	Nei	
Pinsemenigheten Betel Frekhaug	Ja	
Pinsemenigheten Betel Kidz	Ja	
Rossland Indremisjon	Nei	
Rossland Skulekorps	Nei	
Rylandshøgda Velforening	Nei	
Rosslandsvåg Arbeidsstove	Ja	
Sagstad skulekorps	Ja	
Sagstad Yngreslag	Ja	
Seniors	Nei	
Skala Brass Band	Ja	
Skjelanger Bedehus	Ja	
SKRUL	Nei	
Songkoret Vågen	Nei	
Stiftelsen Meland Aktiv	Ja	
Nordgardsløa Stiftinga	Ja	
Storeknappen Vel	Ja	
Strilongane	Ja	
Team Flatøy 4H	Ja	
UL Framsteg	Ja	
UL Solglytt	Nei	
UL Varden	Ja	

<b>UI Von</b>	<b>Ja</b>	
<b>Vestbygd all-idrett NLM</b>	<b>Nei</b>	

**Henvisningar:**

**Jmf. St.meld. nr. 39 (2006-2007) Frivillighet for alle**

**« Plattform for samspill og samarbeid mellom frivillig og kommunal sektor» Frivillighet Norge og KS.**

**Regjeringa si Frivilligerklæring, 1.juni 2015.**

**«Frå folkebevegelse til filantropi» - Dag Wollebæk og Karl Henrik Sivesind**